

INNKALLING TIL MØTE I FORSKINGS- OG FORMIDLINGSUTVALET

23. oktober 2018 kl. 12.15 – 14.00

Stad: Rom 371, HF-bygget

Innkalt: Eike Schnall (leiar), Agnete Nesse, Scott Rettberg (for Henning Laugerud), Christine Hamm, Erik Bjerck-Hagen, Fredrik Parelius og Juliane Tiemann.

Forfall: Gunnstein Akselberg

Frå administrasjonen: Håvard Ø. Peersen og Anne Berit Apold

Saker:

I Godkjenning av innkalling

II Framlegging av referat frå møtet 11.9.2018 ([lenke](#))

22. Nytt ph.d-program ved HF – invitasjon til innspel – diskusjonssak

23. Orienteringssaker

24. Ymse

SAK 22 Nytt ph.d.-program ved HF – invitasjon til innspel – diskusjonssak

Fakultetet sende 10.10.2018 ut forslag til programskildring for forskarutdanninga ved HF, og grunneiningane er invitert til å gje både faglege og administrative innspel til programskildringa innan 31. oktober. Ved LLE har FFU fått i oppgåve å følgja opp saka.

Saka er vidaresendt til alle tilsette ved LLE på e-post 10. oktober, og fagmiljøa er bedne om å senda eventuelle innspel til ph.d.-koordinator innan fredag 19. oktober. Eventuelle innspel vert vidaresendt til FFU før møtet 23.10.

Vedlegg (sjå eige dokument):

- Invitasjon til innspill: Forslag til programbeskrivelse for forskerutdanningen ved Det humanistiske fakultet (brev datert 10.10.2018)
- Temamal
- Høyrings svar fra HF - revisjon av ph.d.-forskrift (brev datert 28.9.2028)
- Forslag til programbeskrivelse ph.d.-program per 10.10.18

SAK 23 Orienteringssaker

a) Stipendiatstillingar

Det er lyst ut ei [stipendiatstilling i leksikografi/leksikologi](#)-knytt til Revisjonsprosjektet.

b) Komande FRIPRO-utlysing – workshopar i regi av LLE og Fakultetet

Som orientert om på førre FFU-møte er Forskingsrådets prosedyrar for å vurdere søknader under omlegging. Neste frist er onsdag 10. april 2019, og søknader frå alle fagområder vil bli vurderte på grunnlag av «excellence», «impact» og prosjektgjennomføring.

Det blir lagt opp til ein intern workshop for aktuelle prosjektleiarar ved LLE medio november, og fakultetet kjem til å invitere til ein workshop på Solstrand for HF-søklarar 29. – 31. januar 2019. Forskingsrådet har sagt dei vil kome med meir informasjon på sine nettsider 10. november.